



Kjell Aase
Lønborglien 195
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2718 - 14/11669

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
27.10.2014

Byggesak Gbnr 21/37 Sylta Indre - Reinseanlegg - søknad om utsleppsløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 238/2014

Vedtatt etter forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

Saksutgreiing:

Adresse: Rossnesvegen 136
Tiltakshavar: Kjell Aase
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld utsleppsløyve for gnr. 21 bnr. 37. Utsleppet si størrelse er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.09.14.

Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-3 kan ingen setja i verk utslepp eller auke eksisterande utslepp utan at det ligg føre søknad og løyve til utslepp etter forureiningsforskrifta § 12-5.

Søknad skal handsamast etter Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune godkjent av kommunestyret den 01.09.2010 med heimel i Lov om vern mot forurensninger og avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 §9, jf. Forskrift om begrensning av forurensing (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004 § 12-6.

Planstatus

Tiltaket ligg innafør området som i kommuneplan for Radøy kommune er definert som område for bustadbygging. Byggjesaksmynde i Radøy kommune vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Minireinseanlegget vert plassert på eigen grunn og vert utført utan synlege terrenginngrep.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det er ikkje kome merknader til søknaden.

Reinsekrav

Eigedomen ligg i eit område der det er krav til minireinseanlegg reinseklasse A etter lokal føresegn § 7.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Privatrettslege rettar

Sjølve minireinseanlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyver. Leidningsnett for restutslepp vert plassert over eigedom gnr. 21 bnr. 11 og eigedom gnr. 21 bnr. 55. Det ligg føre heimelshavarfråsegn frå eigarar av nemnde eigedomar for framføring av leidningsnett for restutslepp.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at eigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. lokal føresegn § 13 og forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafør ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova av Bergen og Omland Havnevesen før arbeidet kan setjast i verk.

VURDERING:

Reinsekrav og plassering

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre i høve plassering og med krav til installering av minireinseanlegg reinseklasse A med utslepp i tett leidning til heilårsresipient.

Vedtak:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune § 7 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE for utslepp frå minireinseanlegg reinseklasse A på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinseklasse A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til heilårsresipient som omsøkt og vist på kart. Avløpsanlegget skal utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.
2. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
3. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
4. Alt arbeid skal følgje føresegne gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. . gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i forureiningslova § 52 a og gebyrregulativ vedteke av kommunestyret 05.12.13 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 17.2.1 a	Utsleppsløyve < 15 pe	kr	4 300,00
SUM		kr	4 300,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje satt i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest, jf. lokal føresegn § 4.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Radøy kommune er forureiningsmyndigheit og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget dekkar kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. lokal føresegn § 14, forureiningslova kap. 7 og gebyrregulativ for Radøy kommune kap. 17.3.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. lokal føresegn § 14 og forureiningsforskrifta § 12-14.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/2718

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Kjell Aase

Lønborglien 195 5039

BERGEN